



Morten Landmark

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2080 - 16/16734

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

01.09.2016

## Godkjenning - GBNR 22/22 - Søknad om løyve til fasadeendring og oppføring av tilbygg - Mjåtveit

**Administrativt vedtak. Saknr: 291/2016**

**Tiltakshavar:**

Morten Landmark

**Søknadstype:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Saka gjeld søknad om løyve til oppføring av tilbygg, i form av terrasse til bustad på gbnr. 22/22, samt søknad om fasadeendring i form av innsetting av større vindauge.

Gbnr. 22/22 er ein matrikkelført eigedom på om lag 14,6 daa, og er bebygd med blant anna ein bustad på 206 m<sup>2</sup> BRA. Nytt tilbygg er omsøkt oppført med 24,6 m<sup>2</sup> BYA. Andreas H. Færø og Morten I. Landmark står registrert som grunneigarar.

Vi viser til søknad journalført motteke 18.8.2016.

#### Nabovarsling:

Næraste nabogrense er 30 meter unna det omsøkte tiltaket, og arbeidet vil ikkje, eller i lita grad, berøre interessene til naboar og gjenbuarar. Tiltaket er difor ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3.

Administrasjonen har ingen merknadar til dette.

### VURDERING:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Lov- og plangrunnlag:

Fasadeendring og tilbygg som omsøkt er tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a) og c), og er søknadspliktig etter § 20-2. Ettersom tilbygget er på 24,6 m<sup>2</sup> BYA er det eit mindre tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav a) som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand utan bruk av ansvarleg føretak, jf. pbl § 20-4 bokstav a). Når det gjeld fasadeendringa er dette også eit mindre tiltak etter kommunens skjønns, og kan søkjast om av tiltakshavar på eiga hand, jf. pbl § 20-4 bokstav e).

Det omsøkte arealet er regulert til bustad i reguleringsplan for Mjåtveitmarka, planid: 125620060002. Fasadeendring og oppføring av tilbygg er dermed i samsvar med reguleringsformålet.

#### Plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Tiltaka er i samsvar med regulert byggjegrænse, jf. pbl § 29-4 andre ledd, jf. § 12-4 første ledd, og skal plasserast som omsøkt og vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 18.8.2016. Tiltaka skal i tillegg utformast i samsvar med vedlagte situasjonskart, samt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke same dato.

#### Visuelle kvaliteter:

Administrasjonen vurderer at dei omsøkte tiltaka stettar krava i plan- og bygningslova til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 a) og c) løyve til fasadeendring og oppføring av tilbygg som omsøkt på gbnr. 22/22, jf. søknad journalført motteke 18.8.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Plassering og utføring av tiltaka skal vere som vist på situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført 18.8.2016.*

*Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaka ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaka vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaka skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål

om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Juvik1  
Juvik2  
Juvik3  
Juvik4  
Juvik5  
Juvik6  
Situasjonskart

**Mottakere:**  
Morten Landmark